

## Referat frå folkemøte Bekk 1, 2 og 3

Tilstades frå Ål kommune: Betina Gullhagen (referent), Svein Furuhaug

### Agenda

- Gjennomgå tiltaka i dei ulike bekkane kvar for seg. Rekkefølge bekk 2, 3 og 1.
- Svare ut tidlegare stilte spørsmål. Mange av dei same spørsmåla som er blitt sendt inn blei også stilt på møtet, spørsmålet er kun besvart ein gong i referatet.
- Svare ut nye spørsmål og ta imot tilbakemeldingar frå innbyggerane.

### Tillegg til referatet

Alle rapportar, møtereferat og framlegg blir lagt ut på Ål kommune si heimeside under fana Hans. Summane for eigenandelane som var presentert for kommunestyret er som følger:

<b>Bekk 1</b>			<b>Sum</b>	<b>Antall</b>	<b>Pr.andel</b>
<b>Grunneiere</b>	<b>Andel</b>	<b>Total sum</b>			
			<b>1 020 000</b>	<b>27</b>	<b>37 778</b>
Private boliger	6	226 667			
Sundre Sameige	8	302 222			
Veterinærvakta	2	75 556			
Ål kommune	5	188 889			
Viken fylkeskommune	3	113 333			
Ålingen	1	37 778			
Asle Sjong	1	37 778			
Monter	1	37 778			
<b>Totalt</b>	<b>27</b>	<b>1 020 001</b>			

<b>Bekk 2</b>			<b>Sum</b>	<b>Antall</b>	<b>Pr.andel</b>
<b>Grunneiere</b>	<b>Andel</b>	<b>Total sum</b>			
			<b>150 000</b>	<b>4</b>	<b>37 500</b>
Ål kommune	1	37 500			
Hallingdal Hytteservice	3	112500			
<b>Totalt</b>	<b>4</b>	<b>150 000</b>			

Bekk 3			Sum	Antall	Pr.andel
Grunneiere	Andel	Total sum	190 000	12	15 833
Private grunneiere	8	126 667			
Allstad, eiger 2 stk hus +	3	47 500			
Ål kommune	1	15 833			
<b>Totalt</b>	<b>12</b>	<b>190 000</b>			

### Felles for alle bekkane – Gjennomgang av spørsmål som har kome inn på e-post.

#### Sentrum sameige

- Grunngeving for den valte delingsmodellen.  
Svar: Administrasjonen har gjort ei vurdering av kven som skal betale eigenandel basert på kven som nyt godt av tiltaket. Ål kommune har valgt å dele inn i tal einingar langs området som nyt direkte godt av tiltaka. Heimelen har kommuna i naturskadeloven paragraf 24. Ål kommune tek sin del i eigenandelen gjennom tal einingar som Ål kommune er eig, det vil gjelde kommunale vegar, bygg el anna som kommunen eig.

Link til NVE sin omtale om refusjon av eigenandel: [Søke om bistand til planlegging og gjennomføring av tiltak - NVE](#)

Link til lovdata, naturskadeloven: [Lov om sikring mot naturskader - Lovdata](#)

- Rettsleg heimel.  
Svar: Naturskadeloven paragraf 24
- Forholdsmessig og lik behandling.  
Svar: For å sikre forholdsmessig og lik behandling vurderer administrasjonen kven som nyt godt av tiltaket og vel dei som får ein fordel og ikkje ein ulempe. Den same fordelingsnøkkelen blir brukt på alle sikringstiltak.
- Er dette eit enkeltvedtak.  
Svar: Ja. Det er klagefrist på 3 uker etter at mottakar har mottatt vedtaket.
- Rettsleg grunnlag for fordelinga.  
Svar: Naturskadeloven paragraf 24

#### Jens Petter Brandli m. fleire

- Lovheimel for fordelingsnøkkel.

Svar: same som over. Administrasjonen har gjort ei vurdering og valgt tal eininga. Heimel er naturskadeloven paragraf 24.

- Nydyrking på Sundreberget.

Svar: Nydyrking er lov, og grunneigar har søkt og fått godkjent det som er gjort. Ål kommune har også gjeve tilskot til nydyrkinga. Vi ser ikkje bort frå at overflatevatn kjem raskare fram til bekken no, men det er vanskeleg å seie sikkert. Uansett var ikkje det noko krav om å vurdere dette i søknaden den gongen. Vi har nok meir fokus på dette etter Hans.

- Avvik i kostnadsgrunnlaget.

Svar: Det er ikkje avvik i kostnadsgrunnlaget, men delingsnøkkelen var feil. Asplan Viak hadde sett opp delinga av kostnadane, men de hadde sett opp Ål kommune med 70% og andre grunneigarar med 30%. Den riktige nøkkelen er 100% på grunneigarane som samla eining, kvar Ål kommune tek sin del som grunneigar på lik linje med alle andre grunneigarar. Dette oppdaga vi ikkje før etter forrige folkemøte. Mitt ansvar, og vi er lei for det. Leiar av STNR var orientert om dette før møtet i STNR.

- Pris utan mva. Vi gir opp alle prisar utan mva, men vi skulle sjølvst ha opplyst om det. I vedtaket vil prisen blitt oppgitt både med og uten mva.

- Trafikksikringsmur ved Gamlevegen 10

Svar: overvasshandteringa i Gamlevegen ved oppkøyring til Bergstigen vil bli handtert når Ål kommune rehabiliterar vass- og avløpsleidningane, samt overvassleidninga som er i området.

- Kvifor er bekk 1,2 og 3 prioritert først?

Svar: Dei er ikkje prioritert først. Kvinda var først, deretter Hellinggrove/Stavegrove. Ål kommune bad Skred AS om råd for kva som burde bli neste prosjekt. Dette før prioriteringslista var klar. Bekk 1: Mange bustadhus, næringsbygg, Hallingdal Sjukestugu og anna viktig infrastruktur. Bekk 2: Næringsbygg og leilegheiter samt viktig infrastruktur (det viktigaste krysset i Ål). Bekk 3: Fleire bustadhus og viktig infrastruktur.

- Ål kommune har ikkje noko mandat til å krevje noko av Fylkeskommunen. Vi samarbeider med både Fylkeskommunen og Statens vegvesen. Fylkeskommunen har fått rapporten og veit kva for dimensjonar som må til. I prosjektet Hellinggrove/Stavegrove har fylkeskommunen sagt at Ål kommune skal byte stikkrennene deira, og dei betalar sin del. Statens vegvesen har bytt stikkrenna for Stavegrove i 2025 og skal byte stikkrenna i Hellinggrove nå i mai.

- Det er Skred AS som har laga rapporten og gjort eventuelle endringar. Prioriteringslista legg føringar for vidare rekkefølge på prosjekt. Prioriteringslista vart vedteken i kommunestyret i april.
- Prioriteringslista legg til grunn andre/fleire moment enn i den første rapporten til Skred AS.

### Ål kommune vil poengtere:

- Tiltaka vert bygd for å sikre deira eigedom.
- Vert ikkje tiltaka bygd, og eigedomar ligg innanfor fareområde, får de ikkje bygge på hus utan å koste sikringstiltak sjølve. Viss huset brenn ned, eller vert teke av ras, så må det byggast sikringstiltak for å få sett opp att nytt.
- Ål kommune tek sin del som grunneigar av infrastruktur

### Bekk 2

- Gjennomgang av tiltaket i bekk 2, sjå presentasjon frå Asplan Viak. Ligg på Ål kommune si heimeside under fana HANS og heiter "Presentasjon til folkemøte".

Tilbakemeldingar frå grunneigarar.

- Alle summar må sendast til grunneigarane inkl. MVA.

### Spørsmål

- Kvifor skal det ikkje gjennomførast sikringstiltak lengre opp i bekk 2?  
Svar: Ål kommune følger prioriteringslista som vart vedteke i kommunestyret i april. Prioriteringslista er eit verktøy som Ål kommune skal bruke for å suksessivt gjennomføre sikringstiltak basert på prioritet. Tiltak lengre opp i bekk 2 er lista som prioritet nr 3 i prioriteringslista og vil derfor bli gjennomført etter tiltaka som er lista i prioritet 1 og 2. Ål kommune vil søke til NVE om støtte til tiltaka som er lista som prioritet 1,2 og 3 før juli i år (2026). Det er ikkje sikkert Ål kommune får støtte til tiltak og da må det gjerast ei politisk vurdering om sikringstiltak skal gjennomførast.
- Det er problem med stikkrenner på traktovegen inn mot Sundreberget som førar til at vatnet kjem på avveie lengre ned rundt bekk 2.

Svar: Det vil være naturleg å sjå på dette samtidig som det skal gjennomførast sikringstiltak lengre opp i bekk 2.

### Bekk 3

- Gjennomgang av tiltaket i bekk 3, sjå presentasjon frå Asplan Viak. Ligger på Ål kommune si heimeside under fana HANS og heiter “Presentasjon til folkemøte”.

### Tilbakemelding

- Brev og innkallingar frå kommunen kjem fram for seint eller ikkje i det heile tatt.

Svar: Ål kommune brukar eit journalsystem for å sende ut brev. Journalsystemet baserar seg på folkeresigsteret og sender ut brev på Digipost, dersom ein ikkje har Digipost vil ein få varsel i Altinn. Dersom ein ikkje har ein av desse digitale brukarane vil det blir registerert at brevet ikkje er opna og det vil automatisk bli sendt ut som vanleg brev til postkasse. Denne prosessen tek tid ettersom ein får nokre dagar på seg til å opne før brevet blir sendt til postkasse, og posten bruker mye meir tid på å levere post enn før. Dette gjer at dersom ein ikkje har Digipost vil det kunne ta langt tid å få brevet.

For å finne ut kven som er sakspart og skal ha brevet på Digipost brukar Ål kommune matrikkelen for å nå ut til eigaren av fast eigedom. Det er kun den som er registeret som eigar av eigdommen/bustaden/einheita som får brevet tilsendt.

I enkelte tilfeller kan Ål kommune sende ut SMS-varsling. Det ble gjennomført for dette folkemøtet i eit forsøk på å nå ut til alle som kunne vere interesserte. Når Ål kommune bruker dette programmet vil SMS bli sendt til dei telefonnumra som er registert på bustaden. Dersom du er eigar av ein bustad, men ikkje bur der sjølv vil du ikkje få SMS-varsling med mindre du registrerar mobilnummeret ditt på bustaden selv.

Ål kommune har ikkje tilgang på dei oppdaterte e-postadressane til innbygerane i kommunen. Dersom du ynskjer å bli kontakta via e-post i forbindelse med ein sak må du selv sende inn e-postadressa og forklare i kva sak du ønskjer at den blir lagt inn som kontaktinfo.

- Møtet var delt inn i ulike tidspunkt for dei ulike bekkane. Da det kom mange spørsmål på tvers av bekkane vart ikkje tida heldt. For innbyggjarar som berre ønskja å vere med på møtet for ein enkelt bekk vart det lite tid til å diskutere den spesifikke situasjonen som rørte dei mest.

Svar: Ål kommune tek med seg tilbakemeldinga til fremtidige møter og vil vurdere korleis dei legg opp møtene slik at strukturen blir betre eller om det kun skal holdast fellesmøter for alle tiltak.

### Spørsmål

- Er det ikkje fleire eigedommar som nyt godt av sikringstiltaket?

Svar: Det kan godt vere. Ål kommune har gjort ei vurdering om å legge eigenandelen for sikringstiltaket i bekk 3 til dei bustadane som ligg inntil det gamle bekkeløpet som vart flytta for lenge sida. Grunnen til dette er at det er vurdert til at det vil vere dei eigedommane som ville fått flaumvatn ned til seg dersom det skulle oppstå ei ny hending som uveret Hans. Altså er det desse eigedommane som nyt godt av at det blir gjennomført sikringstiltak i bekk 3.

- Sundrevegen (kommunal veg) nyt også godt av tiltaket, burde ikkje den også vere med?

Administrasjonen er einig i at Sundrevegen nyt godt av tiltaket og vil derfor gi Ål kommune ein andel. Utover det står administrasjonen ved si vurdering om kven som nyt godt av tiltaket i bekk 3.

- Det blir påpekt at det ikkje går nokon bekk der i dag.

Svar: Administrasjonen henviser til dokument som er blitt tilsendt frå grunneigar om at bekken har vorte flytta på eit tidlegare tidspunkt.

Administrasjonen refererer også til at det har gått eit skred i området. Det vart påpekt at dette skredet vart utløyst av brot på den kommunale vassleidninga.

- Det vart stilt spørsmål om når bekken vart flytta.

Svar: Det har vi ikkje noko årstall på her no, men det er heller ikkje relevant. Bekken vart flytta ein gong.

- Eigenandel til Allstad eigedom.

Svar: Ål kommune har ført opp Allstad eigedom med 3 delar for 2 festetomter og skogarealer som dei eig. Allstad motsetter seg dette og meiner dei ikkje har ansvar her. Ål kommune vil fortsette å forsøke å få Allstad til å ta sin del av eigenandelen for sikringstiltaket.

- Dersom eigedommen ikkje ligg i aktomsheitssona eller i faresonekartet til NVE er det da ein reell fare for eigedommen og er det behov for sikringstiltak for dei eigedommane?

Svar: Aktsomheitskartet til skred er basert på topografien i kartet, topografien er lest av med satelitt og er derfor ikkje heilt nøyaktig. Faresonekarta er ei nærmare kartlegging av eit område og vil gi eit bedre grunnlag for den faktiske faresona. Ål kommune har bestilt skredfarekartlegging for enkelte område som er spesielt utsett i Ål kommune. Desse finn du på Ål kommune si heimeside og på NVE.no. Det er gjort ei konkret skredfarekartlegging for Ål sentrum. Det er tidlegare utarbeid ein rapport for kritiske punkt mtp flaum for Ål sentrum. Rapporten om skredfare finn du på Ål kommune si heimeside. NVE sitt aktsomheitskart gir derfor ikkje ei heilt reel oversikt over faresonene i sentrum av Ål. Dersom ein bustad ligg i aktsomheitskartet (altså i sona som er antatt at vil bli rørt) krev Plan- og bygningsloven at ei utredning av faresona dersom eigar for eksempel skal bygge på bustaden 50kvm eller meir. Dersom det viser seg at det vert krav om eit sikringstiltak for bustaden vil ein ikkje få godkjent større påbygg, og dersom bustaden brenner ned får ein ikkje lov til å setja opp nytt hus utan at det er blitt laga eit sikringstiltak som tar bustaden ut av faresona, dvs. At sikringstiltaket må tilfredsstill NVE sine krav.

### Bekk 1

- Gjennomgang av tiltaket i bekk 1, sjå presentasjon frå Asplan Viak. Ligg på Ål kommune si heimeside under fana HANS og heiter "Presentasjon til folkemøte".

### Tilbakemelding

- Innkallinga til dette møtet kom på kort varsel. Påstand: Det er 14 dagers varslingsfrist på offentlege brev.  
Svar: Innkallinga vart sendt på Digipost 6 dagar før møtet, det ble også sendt ut SMS-varslings og varsla på Ål kommune si heimeside og facebookside. Det er vanskeleg å nå ut til alle. Møtet er frivilling.  
Det finnes ei heller ingen lov som stiller krav til 14 dagers varslingsfrist generelt for offentlege brev. Det er diverse fristar knytt til ulike tilfelle, men dette er ikkje eit av dei.
- Det er forvirring i begrepa som er nytta. Ål kommune har nytta begrepet grunneigar. Det vart stilt spørsmål om ein kan forstå ein leilighetseigar/seksjonseigar som ein grunneigar.  
Svar: Ål kommune har nytta begrepet om dei som eig fast eiendom, men har seinare gått over til å bruke eining for å unngå forvirring.  
Eigenandelen er altså fordelt på tal einingar som nyt godt av tiltaket.

## Spørsmål

- Vil prisendring og indeksregulering påverke summen for eigenandelen som er sett?

Svar: Dette må politikerane ta stilling til for kvar enkelt sak. Men det er naturleg å tenke at dei ønskjer å gi innbyggerane eit forutsigbart beløp å forhalde seg til. Kommunestyret har difor bestemt at dei tek avgjerd i alle slike saker.

- Når vart det nydyrka på Skrattegard.

Svar: Administrasjonen kan ikkje besvare årstalet på ståande fot, men for dei som lurar på det kan dei be om innsyn i saka. Vi veit at det har vore dyrka over fleire år.

- Det vart stilt spørsmål til heimelen som er brukt.

Svar: For å synleggjere vurderingane som er blitt gjort vil Ål kommune vil grunngi sine vurderingar med heimel i naturskadeloven paragraf 24 i det neste saksframlegget.

Vedlagt er utklipp av naturskadeloven paragraf 24:

**24.**

*Kommunen kan kreve utgifter til sikringstiltak mot naturskader refundert etter reglene i denne paragraf. Det samme gjelder den som har utført slike tiltak etter godkjenning av kommunen og som er eier eller fester av eiendom som er truet av naturskade.*

*Utgiftene skal betales av dem som eier eller fester eiendom innenfor det område sikringstiltaket har virkning for. De utgifter som kan kreves refundert, er begrenset til den samlede verdiøkning tiltaket har medført for grunn og bygninger.*

*Refusjonsplikten for den enkelte refusjonspliktige eiendom er begrenset til den verdiøkning tiltaket har medført for eiendommen.*

*Ved beregning av verdiøkningen skal det tas hensyn til om tiltaket har medført økte muligheter til utbygging, jorddyrking og skogreisning m.v.*

*Kommunen fastsetter refusjonsbeløpet for hver enkelt eiendom på grunnlag av regnskap med nødvendige legitimasjoner for tiltaket.*

*Den som eier eller fester eiendommen når refusjonsbeløpet er endelig fastsatt, plikter å betale beløpet fem uker deretter. Endelig fastsatt refusjonskrav har panterett i eiendommen. Kravet er tvangsgrunnlag for utlegg.*

- Når skal eigenandelen krevjast inn.

Svar: Det er ikkje bestemt, men for andre sikringstiltak legg Ål kommune ut for beløpet og krev tilbakebetaling/refusjon når sikringstiltaket er ferdig. Slik man kan lese av naturskadelovens paragraf 24 første setning har kommunen heimel til å kreve refusjon for utgifter til sikringstiltak mot naturskader.

- Det står i paragrafen det vert vist til at beløpet som kan krevjast refundert skal avgrensast til verdiøkning på eigedommen.

Svar: Ja, det er korrekt. Sjå utfyllande svar om aktsomheitssoner og faresoner i siste punkt for spørsmål under bekk 3.

Når administrasjonen har vurdert om eigenandelen er mindre enn verdiøkninga er det lagt til grunn at verdien av å ikkje ha ein bustad i ei

faresone/aktsomheitssone er større enn summen som krevast refundert.

Verdien på eit sikringstiltak vil variere ut ifrå sikringstiltaket. I dei aller fleste tilfeller vil kostnaden ved å bygge eit sikringstiltak for ein bustad være vesentlig høgare enn summen som Ål kommune skisserer at einheitseigarane skal betale.

#### Kommentar frå Ål kommune

- Når det gjeld siste punkt i paragrafen, første setning “når endelig refusjonsbeløp er fastsatt” , så har administrasjonen foreslått den fordelinga av eigenadelar med dei summene som dere har fått presentert, også er det opp til politikarane å gjere den endelege vurderinga og fastsettinga av summar og fordeling.

Ref. Betina Gullhagen